

Referat SU 14.04.26, Nordre Strand oppvekstsenter

Tid: 14.04.26 kl. 19:00-20:00

Stad: NSO, personalrommet

Til stades: Andre F. Fjelde
Kine Marie Krogh Eie
Marielle Alsvik
Målfrid Alstveit Ringsby
Renate Hetlelid Gjerde
Siv E. Karlsen
Ingunn Gjeitanger
Trine Margot Østerhus Sørskår
Bjørn Sølve Barka
Hans Marius Våga

1. Referatet frå sist møte blei godkjent.
2. Nytt frå FAU:
 - a. Har gjennomført vellukka disco med limbo, DJ og bakverk frå Fiskå bakeri førre fredag. Masse folk og god stemning!
 - b. Har gjennomført vellukka foreldremøte om den utarbeidde digitale rettleiaren for foreldre/føresette til elevar i Strandaskolen.
 - c. Onsdag 14.04 er det møte i KFU, der den digitale rettleiaren er tema.
 - d. Dagens FAU-møte blei avlyst, byte av tidspunkt til rett før grillfesten i juni.
 - e. Har fått til kronerulling, nesten 30 000,-, blant lokale bedrifter til å kjøpe inn hjartestartar. Vil bli plassert på skuleområdet i samarbeid med skulen.
 - f. Har søkt Rogaland Sparebank sitt gåvefond om støtte til innkjøp av kanoar.
3. Nytt frå skulen
 - a. Uteskulesatsinga:
 - i. Gapahuksøknaden er inne hjå kommunen, svar kjem seinast ila. to veker. Har også søkt om dugnadshjelp hjå Ryfylke Trelast i samband med deira jubileum.
 - ii. Dei neste 2-3 dagane startar arbeidet med å anlegge grønnsakshage for heile skulen. Kvar klasse pluss SFO vil få eigen parcell, og elevane er involverte i alt arbeidet. Kjekt og lærerikt i fag som naturfag, samfunnsfag, mat og helse o.l.
 - b. Lesesatsinga:
 - i. Har fokus på bl.a lesing i vårt partsamarbeid med UiS.
 - ii. Skal ha særskilte leseveker i veke 17 og 18.

- c. Har gjennomført vernerunde inne og ute. Arbeidsmiljøet er vurdert å vere trygt og tilfredsstillande.
- d. Økonomi: Går ca. i 0 dei tre første månadane.
- e. Revisjon om trusler og vald i Strandaskolen; har nettopp fått rapport frå Rogaland Revisjon. Den viser at NSO merkar seg positivt ut; dei tilsette melder at skulen har eit godt system for førebygging og handtering av åtferdsproblem. Me trur det heng saman med den lokalt utarbeidde konsekvenstrappa vår.
- f. Skal snart ha beredskapsøving, ei skrivebordsøving for kortvarig og langvarig strømbortfall, for både barnehage og skule.

4. Nytt frå barnehagen

- a. Har hatt opptak, blir ca. like mange som me er i dag (45 barn) ila hausten (frå desember). Bemanninga blir justert deretter.
- b. Staten har gitt pengar til toppa bemanning, Eikehaugen barnehage har fått 28 000,- for barnehageåret 2025/2026, og får 137 000,- ekstra til hausten.
- c. Strand kommune har bestemt at det blir feriestengte barnehagar i to veker, dei to siste i juli, frå sommaren 2027. Informasjon til foreldre vil bli sendt ut på IST.
- d. Rugemaskin i barnehagen. Me fekk eit flott oppslag i Strandbuen om dette! All ære til Renate som var primus motor og hadde god plan for det praktiske.
- e. Vernerunden gjekk bra; lite å utsetje. Sandkassereparasjon er meldt inn.
- f. Brannøvingar er også gjennomført, ein meldt og ein umeldt.
- g. Skal snart ha beredskapsøving - skrivebordsøving for kortvarig og langvarig strømbortfall, for både barnehage og skule.

5. Nytt frå SFO

- a. Har sendt ut påmelding til sommarferien med frist førstkommande torsdag.
- b. Frist for påmelding til hausten går ut i morgon. Sender ut tilbod ila veka.
- c. Brukar mange av dei same reglane og konsekvenstrappa som er på skulen også på SFO, fungerer veldig bra og fører til godt og harmonisk miljø.

6. Nytt frå elevane

- a. Skulefrukt: Elevane vil ha det igjen, dette er avhengig av om me får det sponsa. Kunne hatt skulefrukt-bestilling av ulike ting (sist blei det slutta av fordi for få ville ha det). Rektor tar med seg idèen vidare.
- b. Skyss og buss – stadig tilbakevendande sak; mangler ved setebelter, for få plassar, elevane som beveger seg i bussen under køyring, høg fart, busstopp som blir gløymt o.l.. Skulen har kontinuerleg dialog med busselskapet,

men det er ønskeleg med ekstra trykk inn mot selskapet gjennom kommunen.

7. Ymse

- a. Forslag frå SU-leiar Andre F. Fjelde om å delta på fugleteljing i januar 2027 (via birdlife-nettsida), og involvere fag som sløyd, naturfag, matematikk. Dette er ein god idé som rektor tar med vidare.
- b. Informasjon frå SU-leiar Andre F. Fjelde: NSO må vere merksame på overtidsbetaling for ekstratimar for tilsette som har (ikkje-sjølvalt) stillingprosent i mindre enn 100. Me må vente på ev. rettskraftig dom.

Neste møte: tys. 02.06 kl. 19:00.

Hans Marius Våga
Verksemdsleiar
Nordre Strand oppvekstsenter